LINDÅS KOMMUNE
Byggesaksavdelinga

Reidar Hommedal
Lurevegen 366
5912 SEIM

| | | |
|---|---|---|
| Referanser: | Saksbehandlar: | Dato: |
| Dykkar: | Ingrid Bjørge Pedersen | 11.09.2019 |
| Vår: 19/1998 - 19/27241 | Ingrid.Bjorge.Pedersen@lindas.kommune.no | |

# Referat frå dialogmøte - gbnr 156/40 Lie nordre

| | |
|---|---|
| **Tiltakshavar** | Reidar Hommedal |
| **Ansvarleg søkjar** | Älvsbyhus Norge AS |
| **Møtestad** | Rådhuset |
| **Møtedato** | 11.09.2019, kl. 11.00 |
| **Til stades i møtet frå kunde og kommune** | For tiltakshavar: Emilie Lie, Reidar Hommedal og Ragna Myksvoll<br><br>Frå Kommunen:<br>Ingrid B. Pedersen og Eilin H. Molvik |

| **Plangrunnlag** | |
|---|---|
| **Plannamn** | Kommuneplanen sin arealdel for 2011-2023 |
| **Føremål** | LNF med spreidd bustabygging. |
| **Godkjenning/uttale etter anna lovverk, jf. SAK § 6-2**<br><br>**Der forholdet til anna mynde ikkje er avklart ved innsending av søknad, vert søknaden sendt på høyring og/eller oversendt for vedtak etter det aktuelle** | ☒ Vegstyresmakt - Statens vegvesen<br>☒ Anna – NVE Vassressurslova<br><br>Utsleppsleidning går under Fv 402. Det må innhentast graveløyve frå Statens Vegvesen for å legge leidningstrase under FV 402. Graveløyve må innhentast sjølv om ein nyttar eksisterande veiter. Vi har vore i kontakt med Statens vegvesen v/Paul Espeskog og dykk kan ta kontakt med vedkommande for yttarlegare rettleiing.<br><br>Jf. vårt skriv datert 04.09.19 må saka sendast NVE til handsaming/vurdering |

| | |
|---|---|
| **lovverk.** | etter vassressurslova. |

| Andre tilhøve | |
|---|---|
| **Klima –og naturtilhøve** | ☒ Ras<br>☐ Flom<br>☐ Støy<br>☐ Radon |
| **Vurdering** | Vurdering av om rasfaren i området er reell skal utførast av fagkunning geolog. |

**Oppsummering/avklaring av konkrete spørsmål og problemstillingar**

- Det må utarbeidast ein rapport i høve til om rasfaren i området er reell eller ikkje, denne rapporten skal utarbeidast av fagkunning geolog.
  Så langt administrasjonen har kjennskap til er det tinga vurdering av geolog i sak på eigedom gbnr. 156/39. Vi vil tilrå at ein går saman med tiltakshavar på eigedom gbnr. 156/39 om å få utarbeida rasvurdering.

- Med omsyn til plassering av slamavskiljaren så må det påførast minsteavstand frå slamavskiljaren til vegmidte FV 402. Byggegrense mot FV 402 er på 15 meter frå senterline veg. Dersom slamavskiljaren plasserast nærare senterline veg enn 15 meter krev det dispesasjon, vi vil i så tilfelle tilrå at ein justerer plasseringa av slamavskiljaren dersom det er mogleg.
- Vi ber om skriftleg tilbakemelding på kven er ansvarleg for prosjektering plassering av slamavskiljaren og kven som er ansvarleg for utføring med omsyn til nedsetting av slamavskiljaren. Av motteke gjennomføringsplan og erklæring av ansvar er det kun leidningstrase som er omfatta, vi ber om at gjennomføringsplan og erklæring om ansvar vert oppdatert til slik at slamavskiljaren er omfatta.

- Søknaden må supplerast med omsyn til kva tiltak som skal utførast i samband med bekken.

- Ansvarleg søkjar Älvsbyhus Norge AS må gjennomgå ansvarserklæringane og sjå til at desse er oppdatert og dekker heile tiltaket- Vi ber om stadfesting på om Johannes Lie er ansvarleg prosjekterande og utførande i samband med at bekken vert lagt i røyr. Vidare ber vi om stadfesting på at Johannes Lie står som anvarleg for plassering av omsøkte slamavskiljar.

- Det må søkjast til Statens vegvesen om graveløyve for legging av avlaupsleidning under fylkesveg 402,De kan ta kontakt med Paul Espeskog v/Statens Vegvesen for ytterligare rettleiing.

- Ansvarleg rørlegger må sende inn oppdatert situasjonskart som viser avstand frå slamavskiljar til midtveg.

- Kommunen ber om bekreftelse på at søknad om utslepp og søknad om etablering av slamavskiljar blir samlet i en sak. Og at utslepp gjeld for totalt 15 PE.

Søkjars orientering:
Tiltakshaver opplyser i møte at de tre eiendommene går saman om en felles rasrapport.

Med helsing

| | |
|---|---|
| Siril Sylta<br>avdelingsleiar | Ingrid Bjørge Pedersen<br>rådgjevar |

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Johannes Lie | | | |
| Älvsbyhus Norge AS | Postboks 2008 Høyden | 1520 | MOSS |

**Mottakarar:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Emilie Lie | Lurevegen 360 | 5912 | SEIM |
| Ragna Myksvoll | Lurevegen 366 | 5912 | SEIM |
| Reidar Hommedal | Lurevegen 366 | 5912 | SEIM |